

Representanten **Trude Brosvik** (KRF) har stilt slikt spørsmål:

Kommunane i Indre Sogn har fått til deltidsstudie for at ufaglærte som arbeider innan pleie- og omsorg skal ta utdanning som sjukepleiar. Fleire av desse må forbetre resultatane sine frå vidaregåande for å kunne oppnå studiekompetanse. Derfor har ein starta støtteundervisning ved Sogndal vgs to dagar i veka. Dei fleste studentane er frå Sogndal, men nokre frå andre kommunar (td Vik) og vil over tid få relativt store reisekostnader med opplæringa.

Sjølv sjukepleiarutdanninga er etablert gjennom samarbeid mellom Høgskulen Vestland (HVL), kommunane i Sogn, fylkeskommunen og fylkesmannen og inneber eit tilrettelagt studie som har fått nemninga *SAMLINGSBASERT DELTIDSSTUDIE*. Kandidatane som no har starta støtteundervisning ved Sogndal vidaregåande skule og som kvalifiserer for opptak sjukepleiarutdanning, startar med samlingar i Førde frå hausten 2021. Studiet går over 4 år med nytt opptak kvart 2. år, neste oppstart altså hausten 2023. Utdanninga vil vere eit tilbod ikkje berre i Sogneregionen, men òg for regionane Sunnfjord og Nordfjord.

I Kringom as sitt reglementet for *PERIODEKORT STUDENT*, med 40% rabatt i tillegg til den vanlege

periodekortrabatten, framgår at kortet gjeld ved følgjande opplæring:

- elevar i grunn- og vidaregåande skule,
- heiltidsstudentar ved fagskule, teknisk fagskule, høgskule eller universitet i Norge eller utlandet,
- frå fylte 19 år til og med månaden ein fyller 30 år.
- vaksne framandspråklege under 30 år som får opplæring i norsk og samfunnskunnskap i minst ti timar i veka i meir enn tre månader, eller flyktningar under 30 år som er i introduksjonsprogrammet, og lærlingar og lære kandidatane på heiltid som følgjer krava i Lov om opplæring, kap. 4.

Utdanninga det her gjeld ligg nært opp til retningslinene som er nemnt over. Kandidatane våre har hatt fleire års praksis i dei ulike kommunane og har ein alder vesentleg mellom 20 og 30 år, men nokre over 30.

Spørsmål: Sidan samordning av sonestruktur let vente på seg for gamle Sogn og Fjordane, så bør vi vel kunne sjå på at denne gruppa som er under utdanning til svært etterspurd kompetanse for samfunnet, kan få studierabatt til andre ordningar er på plass. Det gjeld:

-Studentrabatt i samband støtteundervisning ved vidaregåande skule ved kvalifisering til sjukepleiarstudie.

Som nemnt er noverande undervisninga er alt starta, og vil gå fram til våren 2021. Tilsvarende støtteundervisning kan vere aktuelt i samband med fleire opptak til sjukepleiarstudie.

-Studentrabatt for reiser til Førde ved SAMLINGSBASERT DELTIDSUTDANNING I SJUKEPLEIE, 4 årig løp som startar hausten 2021. Neste oppstart hausten 2023.

Viss dette ikkje kan løysast innanfor regelverket, ber eg om at saka vert løfta politisk.

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

I vilkår for reiser med buss og båt i Sogn og Fjordane kjem det fram at rabatt for skuleelev og student gjeld for elevar i grunn- og vidaregåande skule og for heiltidsstudent frå fylte 19 år til og med månaden ein fyller 30 år. I motsetning til Skyss har ikkje Kringom spesifisert at ein må vera heiltidsstudent i vidaregåande skule. Med bakgrunn i ovannemnte kan rabatt for skuleelev og student innvilgast i samband støtteundervisning ved vidaregåande skule ved kvalifisering til sjukepleiarstudie.

Følgjande vilkår gjeld:

- Elevar må kunna visa fram gyldig bevis til sjåføren/mannskapet - i dette tilfellet studentbevis frå Høgskulen Vestland (HVL) med gyldig semestermerke og foto
- Rabatten blir gitt elevar til og med månaden ein fyller 30 år
- Vanlege rabattreglar for skuleelev og student gjeld (buss: 25% rabatt på einskildbillett og 40% rabatt på periodekort, båt: 50% rabatt på einskildbillett)